

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag 17. september 2020 blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leing av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen og Teams
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 11.00 – 13.10, inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Henrik Halsne (Ap) og Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Dag Fisketjøn (V) på Teams
FORFALL:	Per Gudmund Øxtra (Sp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Rekneskapsrevisor Tore Kristensen Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg på telefon i sak 17 - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk Torbjørn Guggedal i sak 15
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 14/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11.06.20

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 11.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 11.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 15/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF FOR UTVIKLING, PLAN OG TEKNISK

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk Torbjørn Guggedal om hans arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Kommunalsjef Guggedal orienterte om sine mange og ulike ansvars- og arbeidsoppgåver. Han gjorde greie for dei ulike einingane, korleis dei var organisert, budsjетtrammer og ulike samarbeidsfora. Kommunalsjefen svara på spørsmål.

Leiar takka for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef for utvikling, plan og teknisk Torbjørn Guggedal om hans arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 16/20 OPPFØLGING AV REVISJONSRAPPORT – «EIGARSKAPSFORVALTNING»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Eigarskapsforvaltning» til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Leiar orienterte og viste til svaret frå rådmannen. Utvalet var nøgd med oppfølginga og hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20 og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Eigarskapsforvaltning» til orientering.

SAK 17/20 TINGING AV NYTT REVISJONSPROSJEKT – «PSYKISK HELSEHJELP OG MILJØTENESTA»

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta» i samsvar vedlagte prosjektmandat/med dei endringane som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg deltok på telefon. Han gjorde greie for mandatet og svara på spørsmål om kvifor mandatet var blitt endra. Utvalet meinte det var viktig å få med rusomsorga. Medlemmene var nøgde med svara.

Leiar ønskte å føya til «og innan tenestene som heilskap» på slutten av problemstilling nr. 1. Medlemmene slutta seg til dette. Problemstilling nr. 1 blir da som følgjer:

Korleis fungerer organiseringa av arbeidet retta mot brukarar med psykiske vanskar, og innan tenestene som heilskap?

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Psykisk helsehjelp og miljøtenesta» i samsvar vedlagte prosjektmandat og med ei tilføyning til problemstilling nr. 1.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 200 timar.

SAK 18/20 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Rekneskapsrevisor Tore Kristensen gjorde kort greie for erklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20:

Suldal kontrollutval tar den framlagde eigenerklæring frå oppdragsansvarleg revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

**SAK 19/20 BUDSJETT 2021 - KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN-
KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG**

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontrollarbeidet i Suldal kommune for 2021 vert på i alt
kr 1 266 000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	221 800
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	189 200
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	855 000

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Leiar gjorde kort greie for framlegget. Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til budsjettframlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20:

*Samla budsjett for kontrollarbeidet i Suldal kommune for 2021 vert på i alt
kr 1 266 000,- eks mva fordelt på følgjande:*

ontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	221 800
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	189 200
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	855 000

SAK 20/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 17.09.20

- 25. Statusoversyn pr. september 2020
- 26. Perioderapportering pr. 31.07.20 frå Rogaland Revisjon IKS
- 27. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 12.06.20
- 28. Protokoll frå representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS 10.06.20
- 29. Kommunal Rapport «Kontrollutvalget kan kreve at komm.direktøren stiller på møte»

Handsaming i kontrollutvalet 17.09.20:

Leiar orienterte. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 17.09.20:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 25 – 29 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: torsdag 12.11.20, kl. 10.00

Saker: orientering frå kommunalsjef helse og omsorg, revisjonsplan, val av nytt prosjekt og møteplan for 2021.

Sand/Aksdal, 17.09.20

Tormod Skeie
Leiar

Odd Gunnar Høie
Kontrollutvalssekretær